



Eigarskapsmelding 2019

Voss herad

Eigarskapsmeldinga er del av kommunen sin eigarskapspolitikk og skal sikra nødvendige styringssignal til selskapa, samt tydeleggjera politikarane sitt ansvar.

Eigarskapsmelding 2019 oppsummerer status i seks selskap og to kommunale føretak.

Innhold

Innleiing	2
Bakgrunn	2
Eigarskapspolitikk i Voss herad.....	2
Kva seier eigarskapspolitikken om eigarskapsmelding?	2
Anna oppfølging.....	3
Innsamling av informasjon	3
Eigenvurdering – prinsippa for god eigarstyring	4
Prinsipp for eigarskapsstyring i Voss herad	4
Godtgjersle til styra i selskapa	4
Kjønnsfordeling:.....	5
Kontrollutvalet si rolle.....	6
Styret si rolle og ansvar	7
Opplæring og informasjon til folkevalde.....	8
Gildskap og politisk representasjon i styra.....	8
Samfunnsansvar.....	8
Tilbakemelding frå selskap og føretak	9
Voss energi AS	9
Voss parkering AS	9
Voss Eigedom AS.....	10
Hagahaugen AS.....	10
KVEIK AS	10
Indre Hordaland Miljøverk (IHM)	11
Kommunale føretak	12
Voss idrettshall KF.....	12
Vossabadet KF.....	12
Vedlegg	13
Bokførte verdier i Voss herad per 01.01.2020.....	13

Innleiing

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane, og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad er å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder. Selskapa våre skal vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med mål og delmål satt i kommuneplanen.

Dei kommunale selskapa representerer store verdiar og sjølve styringa av selskapa ligg utanfor kommuneadministrasjonen og dei politiske organa sine styringslinjer. Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av styra. Styret har også ansvar for å vidareutvikla selskapsstrategien og arbeida for å realisera selskapa sine mål.

Eigarskapspolitikk i Voss herad vart vedtatt i Heradsstyret 18. juni 2020, sak 55/20. Denne vert nytta som grunnlag for utarbeiding av eigarskapsmelding 2019. Dette sjølv om somme av føringane i eigarskapspolitikken ikkje kan følgast opp før utarbeiding av eigarskapsmelding 2020. Selskap og føretak lyt få tid til å tilpassa seg til nyleg vedteken eigarskapspolitikk og eventuell eigarstrategi.

Eigarskapsmelding 2019 omfattar vurdering av seks selskap og to kommunale føretak.

Bakgrunn

Eigarskapspolitikk i Voss herad

Voss herad er ved inngang til 2020 eigar eller deleigar i 27 ulike selskap stiftingar og lag. Samla bokførte verdiar i desse utgjer pr. 1. januar 2020 i overkant av 180 millionar kroner. I tillegg har heradet to kommunale føretak (KF). Forventningane i eigarskapspolitikken gjeld alle selskap heradet har eigarinteresser i. Eigarskapspolitikken skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap. Eigarskapspolitikken skal slik styrka eit godt eigarskap, no og i framtida.

Kva seier eigarskapspolitikken om eigarskapsmelding?

Eigarskapsmeldinga er del av kommunen sin eigarskapspolitikk og skal sikra nødvendige styringssignal til selskapa samt tydeleggjera politikarane sitt ansvar. Eigarskapsmeldinga vert laga med utgangspunkt i lover, retningslinjer og vedtekne kommunale styringsdokument, samt innsamla informasjon frå dei selskapa som skal inn i eigarskapsmeldinga. Kva selskap/ føretak som skal inngå i den årlege eigarskapsmeldinga vil kunna variera, men skal som eit minimum omfatta aksjeselskap som heradet eig fullt ut.

Selskapa skal etter gjennomført generalforsamling eller liknande senda protokoll frå generalforsamlinga inkl. årsmelding til kommunen. Selskap som ikkje har lovpliktig rett til å utarbeida årsmelding, skal utarbeida og senda inn årsrapport. All anna relevant informasjon knytt til punkt i eigarstrategi skal også sendast fram. Samla vil dette utgjera ein viktig del av kommunen si eigarskapsmelding.

Eigarskapsmeldinga skal vera eit:

- grunnlag for gjennomtenkt eigarskap og ansvar knytt til det.
- grunnlag for selskap til å driva aktivitet i tråd med strategi frå eigar.
- styringsgrunnlag for eigar og selskap når det skal gjerast konkrete val og vedtak.

Heradsstyret skal årleg handsama ei eigarskapsmelding som mellom anna inneheld:

- Oversikt over eigarinteresser.
- Føremål med selskapa.
- Styresamansetting for selskapa.
- Generelle retningslinjer for dei kommunale selskapa.
- Vurdering av måloppnåing målt opp mot føremål og styringsdokument.

Anna oppfølging

Eigarstrategiar

For selskap og eigardeler heradet finn det relevant, skal det utarbeidast eigen eigarstrategi. Kvar eigarstrategi skal definera kva forventningar heradet har til selskapet og innehalda strategiar og eigarkrav. Selskapet sine vedtekter/ selskapsavtale/ føremålsparagraf vil vera sentralt i utarbeiding av eigarstrategi. Politisk vedteken eigarstrategi vil sidan binda deltakarane i generalforsamling og representantskap.

I samband med handsaming av heradet sin eigarskapspolitikk våren 2020, vart det fatta vedtak om at eigarstrategiar skal utarbeidast for dei selskapa heradet eig 100%. Arbeidet startar opp hausten 2020.

Eigarmøte

Voss herad skal gjennomføra minst to eigarmøte med selskapa i løpet av valperioden. Voss herad skal i eigarmøta vera representert med formannskapet og rådmannen. Selskapet skal som minimum vera representert med styreleiar og dagleg leiar.

I 2019 vart det halde eigarmøte med Voss Energi og Voss Eigedom. I tillegg har det vore ad-hoc møter med ordførar/ rådmann og Voss parkering og Hagahaugen.

Det bør vurderast om det er trong for å formalisera eigarmøta i framtida.

Innsamling av informasjon

Alle selskapa har sendt inn informasjon om eigarinteresser, formål, styresamansetting etc.

Nytt lovverk inneber at mindre selskap ikkje treng utarbeida årsmelding. Eigarskapsmeldinga 2018 påpeika dette og oppmoda dei mindre selskapa til å utarbeida eigen årsrapport. Både Kveik, Hagahaugen og Voss Eigedom har levert årsrapport for 2019.

Eigenvurdering – prinsippa for god eigarstyring

Prinsippa skal avklara roller og visa tydeleg retning for korleis kommunen skal opptre som eigar. Prinsippa kjem i tillegg til gjeldande lover på området. Vilkår kring eigarskapsstyring for det einskilde selskapet vert gjort i vedtekter, aksjonærvortar eller eigarstrategiar.

Prinsipp for eigarskapsstyring i Voss herad

1. Kommunen sin eigarskap skal fremja samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. I selskap som kommunen har eigarinteresser i, skal all aktivitet kvila på same normer og etiske retningslinjer som for Voss herad. Kommuneplanen til Voss herad er tufta på FN sine berekraftsmål og selskapa våre skal arbeida for å dei FN berekraftsmåla som er relevante for dei. *(Nytt punkt – vert innarbeida i eigarskapsmelding 2020)*
2. For dei selskap og eigardeler kommunen som eigar finn det relevant, skal eigarstrategiar utarbeidast. Selskapsvise eigarstrategiar skal gje klare og langsiktige mål for selskap/føretak. Styret er ansvarleg for at måla vert realiserte. *(Nytt punkt – vert innarbeida i eigarskapsmelding 2020. Eigarstrategiar skal utarbeidast for dei selskapa heradet eig 100%)*
3. For selskap som opererer i ein marknad, skal det setjast opp utbyte- og avkastningskrav. For selskap som har andre spesifikt definerte mål, vil avkastningsforventingar verta erstatta av andre mål. *(Nytt punkt – vert innarbeida i eigarskapsmelding 2020)*
4. Styret skal ha ein uavhengig kontrollfunksjon. Voss herad fremjar sine interesser overfor selskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.
5. Godtgjersle til styra i selskapa skal vera på eit moderat nivå, men høgt nok til at det fremjar verdiskaping, og er rimeleg ut i frå styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i arbeidet.

Status 2019:

2019	Tilsette (Årsverk)	Omsetnad Mill.kr	Kompleksitet ¹	Styreleiar	Nestleiar	Medlem
Voss energi	49	255,8	6	121.600	87.800	41.600
Voss parkering	4	13,2	3	85.000	35.000	25.000
Voss Eigedom	0 ²	5,9	2	65.000	32.500	27.500
Hagahaugen	7 (3,9) ³	9,1	3	63.300	37.500	30.000
Kveik	19	19,6	3	83.750		29.000
IHM	42	74	4	137.600 ⁴	75.519	16.750 – 23.000
Voss idrettshall KF	0 ⁵	3,7	2	12.000 ⁶	7.000	1.400/møte
Vossabadet KF	10 (7,43)	11,1	3	60.000	30.000	20.000

¹ Rådmannen si vurdering av kompleksitet i arbeidet, skala 1 – 6.

² Voss eigedom har ingen tilsette. Dagleg leiar er tilsett i Voss herad og leigd ut til Voss eigedom.

³ Dagleg leiar er innleigd på timebasis.

⁴ Styregodtgjersle oppført er samla utbetalt 2019.

⁵ Dei som arbeider i idrettshallen er tilsett i Voss herad. I 2019 var det 3 tilsette i Voss Idrettshall (1,98 årsverk)

⁶ Styregodtgjersle er satt til kr. 1.400 / møte for alle medlemmer. Styreleiar får i tillegg godtgjersle knytt til «timetal for styreleiar for tenester for føretaket ut over ansvaret som styreleiar».

6. Lønnsnivået for leiar i selskap der kommunen eig ein vesentleg del, skal liggja på eit konkurransedyktig nivå, men skal ikkje vera lønnsleiande. *(Nytt punkt – vert innarbeida i eigarskapsmelding 2020)*
7. Kapitalstrukturen i eit selskap skal vera tilpassa føremålet med eigarskapen og selskapet sin aktuelle situasjon. *(Nytt punkt – vert innarbeida i eigarskapsmelding 2020)*
8. Det skal nyttast valkomité i samband med val av medlemmer til styra. Styret skal vera kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå eigenarten til selskapet/føretaket og kommunen sine mål med eigarskapen.

Heradsstyret vel kommunen sine representantar etter innstilling frå heradsstyret si valnemnd. Valnemnda skal nytta heradet sin database for styrekandidatar til kommunale verv i arbeidet med å finne relevante nye styremedlemmer. I si innstilling må valnemnda ta omsyn til selskap sine kompetansebehov i styret.

Årsskiftet 2018 - 2019 vart det oppretta eigen database for potensielle styrekandidatar. Det er i dag om lag 50 namn i databasen, og av dei om lag 2/3 kvinner. Kandidatane i databasen syner breidde i erfaring og kompetanse, og er eit godt utgangspunkt for å setja saman gode styrer. Likevel, for å sikra tilgang av kandidatar – også frå yngre rekkjer – bør det arrangerast eige «inspirasjonsseminar» der det vert informert om kva det vil seia å sitja i kommunale styreverv.

Kjønnsfordeling: Voss herad skal arbeide for ei jamn kjønnsfordeling i styra dei vel styremedlemmar til. Voss herad skal til vanleg ha minimum 40 % frå kvart kjønn, og i dei tilfella der det ikkje går, skal begge kjønn vere representert. Voss herad skal prioritere balansert kjønnsfordeling, også i leiarposisjonar.

Status etter generalforsamlingar 2019 er som fylgjer:

- *Alle selskap/ føretak har kvinneandel på 40% eller meir. To selskap/ føretak har kvinneandel på 60% (Kveik og Vossabadet).*
- *3 av 8 styreleiarar er kvinner. 3 av 8 nestleiarar er kvinner.*
- *Dagleg leiar er i 7 av 8 selskap/føretak menn.*

9. Det skal vera opne forhold omkring eigarskapen til Voss herad og aktiviteten i selskapa. *(Nytt punkt – vert innarbeida i eigarskapsmelding 2020)*
10. Voss heradsstyre har både eit tilsyn- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når måla sine, at regelverket vert etterlevd og at det vert teke etiske omsyn. Tilsyn/kontroll vert utført gjennom blant anna rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet si rolle

Innan ny kommunelov var kontrollutvalet mellom anna pålagt å utarbeida ein plan for selskapskontroll for å føra kontroll med kommunen sine eigarinteresser. I førre valperiode (2016 – 2020) vart det gjennomført selskapskontroll av Voss Energi AS i 2016. I 2016 hadde ein også gjennomgang av Voss kommune si eigarskapsforvaltning. Arbeidet med selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk starta opp i 2018 og vart avslutta hausten 2020.

Ny kommunelov inneber nokre endringar også relatert til kontrollutvalet si rolle.

I kommunelova § 23-3 står følgjande om **forvaltningsrevisjon**:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Vidare står det i kommunelova § 23-4 følgjande om **eigarskapskontroll**:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Tidlegare «plan for selskapskontroll» vert slik erstatta med «plan for eigarskapskontroll». Samstundes vil «plan for forvaltningsrevisjon» kunna omfatta også revisjon av selskapa/ føretaka våre. Kontrollutvalet i Voss herad skal etter planen handsama begge saker i november månad slik at heradsstyret får vedtatt både «plan for eigarskapskontroll» og «plan for forvaltningsrevisjon» innan utgangen av året.

Styret si rolle og ansvar

Styret har ansvar for at eit selskap vert forvalta i tråd med eigar sine interesser. Styret skal ta vare på den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gjeve av eigar. Styret skal vera ein viktig diskusjonspartner og støttespelar for leiinga i større saker, men må òg kunna utfordra dagleg leiar og verksemda på ein konstruktiv måte slik at det vert teke gode avgjerder. Styret må ha ei uavhengig rolle til leiinga og kontrollera leiinga på grunnlag av vedtekne målsetjingar.

Styret skal etablere følgjande rutinar:

- Fastsetja styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Gjennomføra eigenevaluering kvart år.
- Vurdera behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemar må få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling.
- Gjennomføra eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver.
- Fastsetja ein årleg plan, medrekna møteplan, for arbeidet sitt med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Jamleg gjennomføra gjennomgang av vedtekter og selskapsavtale for å halde desse aktuelle.
- Etablere faste rutinar for å handtera moglege habilitetskonflikter.
- Fremja økonomiplan og årsbudsjett i samsvar med statlege og lokale føringar.
- Gjennom årsmeldinga gje ei samla oversikt av selskapet si styring og leiing.
- Senda kommunen innkalling til generalforsamling/ årsmøte seinast seks veker før møtedato.
- Registrera styremedlemmer i www.styrevervregisteret.no.

Innsamla informasjon frå selskap og føretak syner slik status:

	<i>Instruks for styret</i>	<i>Instruks for dagleg leiar</i>	<i>Eiga ekstern styreopplæring</i>	<i>Årleg plan for styret sitt arbeid</i>	<i>Styreseminar</i>	<i>Gjennomført eigenevaluering</i>
Voss Energi	Ja	Ja	Ja (2019)	Ja	Ja (2019)	Ja (God)
Voss Parkering	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
Voss Eigedom	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Hagahaugen	Ja	Nei	Nei	Ja	Nei	Ja (god)
Kveik	Ja	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja (God)
IHM	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei
Voss idrettshall	Nei	Nei	Nei	Ja?	Nei	Ja?
Vossabadet	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja

Alle selskap og føretak er registrerte i www.styrevervregisteret.no

Opplæring og informasjon til folkevalde

Voss herad arrangerer opplæring i eigarstyring for folkevalde og styremedlemmer i kommunale selskap kvar valperiode. Dei einskilde selskapa har ansvar for supplerande opplæring i rolla som styremedlem.

Voss herad arrangerte opplæring i regi av KS – konsulent i oktober 2019.

Gildskap og politisk representasjon i styra

Voss herad skal vere restriktiv med å ha ordførar og varaordførar i selskap der dei også kan utgjera generalforsamlinga. Rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar skal som utgangspunkt ikkje kunna vere styremedlem i selskapa. Voss herad vil praktisere ei strengare ordning for ugildskap enn det forvaltningslova legg opp til. I tilfelle der politikarar som er styremedlem i verksemdar som er unnateke reglande for ugildskap etter § 6,1 ledd, e i forvaltningslova, vil dei etter dette regelverket vere ugilde.

Korkje ordførar, varaordførar, rådmann, kommunalsjefar eller einingsleiarar var medlem eller varamedlem i styret pr. 31.12.2019.

Samfunnsansvar

Verksemdar har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet som dei opererer i. Voss herad utøver sitt samfunnsansvar gjennom bl.a. etiske retningslinjer, overordna arbeidsgjevarpolitikk og ulike miljøtiltak. Når det gjeld aksjeselskap og interkommunale selskap, er det styret i selskapa og føretaka som har ansvar for å ta hand om samfunnsansvaret. Gjennom vedtekne eigarprinsipp har kommunen klare formuleringar om at alle selskap skal ta eit samfunnsansvar. Voss herad som eigar legg til grunn at alle styre tek samfunnsansvar og at det er integrert både i dagleg drift og i strategiar.

I tillegg til det generelle ansvaret, er det nokre forhold som kommunen legg vekt på i dialog med selskap og som kommunen ventar at styret tek med i sine vurderingar. Dette gjeld vurderingar knytt til arbeidsgjevarpolitikk, miljø, etikk og korrupsjon

Punktet om samfunnsansvar er nytt prinsipp i eigarskapspolitikk for Voss herad. Dette vil verta integrert som standard oppfølging frå selskapa i eigarskapsmelding 2020.

Tilbakemelding frå selskap og føretak

Voss energi AS

Voss energi er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2017	2018	2019
Tal i millionar kr, (før skatt)			
Konsern	21.707	25.628	27.763
Morselskap	9.384	5.030	11.724

God økonomi. Ingen merknader til årsmelding og rekneskap

Voss energi har 10 ulike dotterselskap/andre eigardeler⁷. I 2017 vart Voss energi omdanna til konsern med ny selskapsstruktur. Dette som ein naturleg konsekvens av endring i energilova.

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/ fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan og eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning. Generalforsamlinga 2019 vedtok å inkludere breiband og fiber i føremålet.

Aktuelle utfordringar som vert lyfta fram av Voss energi er fall i nivå for framtidig kraftpris.

Voss parkering AS

Voss parkering er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2015	2016	2017	2018	2019
Tal i millionar kr (før skatt)	-1.092	1.388	2.813	2.668	2.495

Ingen merknader til årsmelding og rekneskap

Voss parkering skal stå for bygging og drift av parkeringsanlegg i Voss hrad, og medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet, og til å utvikle gode tilbod for gåande og syklende. Selskapet skal medverka til istandsetting, tilsyn, vedlikehald og utvikling av Vossevangen som regionsenter.

Voss Parkering ser utfordringar knytt til realisering av kommunen sin sentrumsplan, innfartsparkeringsplassar, eit svakare sentrum med mindre handel, aukande bubilturisme og venteplassar for bussar i sentrum.

⁷ Voss energi produksjon AS (100%), Voss energi kraft AS (100%), Voss energi nett AS (100%), Voss fiber AS (80%), Gosland kraft AS (100%), Hordaland Bioenergi AS (50%), Bulko kraft AS (18,85), Næringsshagen på Voss (23,8%), Valider AS (1,4%) og Kitemill AS (<1%)

Voss Eigedom AS

Voss eigedom er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2015	2016	2017	2018	2019
Tal i tusen kr	-1.336	-449	1.376	971	375

Ingen merknader til årsmelding og rekneskap

Voss Eigedom skal vera Voss herad sin føretrekte samarbeidspartnar og pådrivar for utviklinga av nye strategiske utbyggingsområde og prioriterte offentlege utviklingsprosjekt i kommunen. Selskapet skal gjennom utvikling, sal og forvaltning av eigedom bidra til verdiskaping for eigar og samfunn.

Arbeidet med å realisera utbyggingsprosjektet «Vossogarden» held fram. Det same gjer planar for vidare utbygging på Tvildemoen og Voss Næringspark Istad. Voss Eigedom har starta arbeidet med å få på plass ny strategi.

Hagahaugen AS

Hagahaugen er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2015	2016	2017	2018	2019
Tal i tusen kr	-58	-392	552	-794	-116

Merknader til rekneskapan: Rekneskapan syner eit underskot på 116.000 i 2019. Resultatet kjem etter direkte tilskot frå Voss kommune på kr 4.000.000. Samla tilskot siste seks åra utgjer 20,3 millionar.

Hagahaugen og styret i selskapet har starta opp eit større arbeid for å stake ut vegen vidare, kartleggja moglegheiter og trygga ei framtidig berekraftig drift. Hagahaugen har bedt om at status for dette arbeidet vert lagt med allereie til eigarskapsmelding 2019 (sjå vedlegg).

KVEIK AS

Voss herad eig 70,63% av aksjane. Øvrige aksjonærar er Hordaland Fylkeskommune (23,34%) samt nokre småaksjonærar.

Årsresultat	2015	2016	2017	2018	2019
Tal i tusen kr	0,412	1.689	469	522	352

Ingen merknader til årsmelding og rekneskap.

Cateringdelen i Vangsgata vart avvikla mai 2019 og verksemda er samlokalisert på Bryn. Kveik leverer tre arbeidsretta tiltak for NAV: arbeidsførebuande trening (23 tiltaksplassar), varig tilrettelagt arbeid (26 tiltaksplassar) og grønt arbeid (5 tiltaksplassar).

I 2020/ 21 vil selskapet ha auka fokus på produksjonsavdelinga og auka marknadsføring på cateringdelen.

Indre Hordaland Miljøverk (IHM)

Voss kommune eig 63,3% av aksjane. Øvrige aksjonærar er Granvin (4,8%), Eidfjord (4,6%), Jondal (5,2%), Ullensvang (16,6) og Ulvik (5,5%). IHM har 50% eigardel i Hordaland Bioenergi AS.

Årsresultat	2016	2017	2018	2019
Tal i tusen kr (før skatt)	800	2.700	-9.200	-597

IHM har som føremål å driva lovpålagt renovasjon til hushald. I tillegg har IHM renovasjon for næringskunder som er ein konkurranseutsett del av verksemda. IHM forvaltar verdiane i avfallet til ombruk og gjenvinning, yter informasjon og rådgjevingstenester og deltek i haldningsskapande arbeid.

Merknader til årsmelding og rekneskap

IHM samlar inn avfall frå hushald og næring. Denne verksemda er splitta og rekneskapen likeså. Samla rekneskapsmessig årsresultat syner eit negativt resultat på kr. 598.000. Rekneskapsmessig resultat for hushaldningsavfall er positivt med MNOK 1,3, medan årsresultatet for handtering av næringsavfall er negativt med nær MNOK 2. Størsteparten av det negative årsresultatet frå næringsdelen er knytt til nedskriving av investering i Hordaland Bioenergi AS.

Innsamling og handtering av hushaldningsavfall er ei lovpålagt oppgåve som IHM utfører for kommunane etter sjølvkostprinsippet. Eventuelt positivt resultat frå sjølvkostrekneskapen kan avsetjast til å bygga opp sjølvkostfond/ utjamningsfond (eller reduserast med negativt resultat). Frå 2019 av har IHM utarbeida ei eiga oversikt over sjølvkostfondet med kalkulert gebyrgrunnlag, årets gebyrinntekter og årets sjølvkostresultat. For 2019 er sjølvkostresultatet negativt med MNOK 1,3. Sjølvkostfondet er fylgjeleg redusert, sjølv om det rekneskapsmessige resultatet er positivt.

Kommunane Jondal og Ullensvang har meldt om utmelding frå IKS samarbeidet. Formelt vil utmeldinga tre i kraft 1. januar 2021. Endring i eigarstruktur vert tema på representantskapsmøte oktober 2020.

Selskapskontroll vart gjennomført 2018 og 2019. Saka vart avslutta i kontrollutvalet hausten 2020.

Kommunale føretak

Voss herad har to kommunale føretak, Voss idrettshall og Vossabadet. Det er ulik praksis i dei to føretaka kva gjeld tilsetjingar. Dei som arbeider i Voss idrettshall er tilsett i Voss herad, medan dei som arbeider i Vossabadet er tilsett i Vossabadet KF. Våren 2020 vart det politisk semje om at dei to kommunale føretaka skal slåast saman.

Voss idrettshall KF

Voss Idrettshall KF vart etablert 1. januar 2010 med det som føremål å leggja best mogeleg til rette for kulturell aktivitet innanfor dei rammer heradsstyret set.

Årsresultat	2016	2017	2018	2019
Tal i tusen kr	-45	562	-12,8	-45,8

Merknader:

Underskotet vart dekkja av disposisjonsfond. Voss idrettshall ser framleis utfordringar med at overføringa frå kommunen står stille, medan husleiga aukar.

Vossabadet KF

Vossabadet skal tilby gode og varierte bade- og symjetenester innafør dei rammer heradsstyret set. Vossabadet sin verdi er #ReinGlede. 2018 var fyrste heile driftsår.

Årsresultat	2017	2018	2019
Tal i mill kr	-0,652	-1,854	-1,017

Merknader:

Vossabadet melder om at det er ei utfordring å få drifta i balanse. Dette dels då det tar tid å byggja ein badekultur, og dels då økonomisk grunnfinansiering frå eigar ikkje er på plass. I 2019 samla overføring med og utan krav om motyting frå Voss kommune på kroner 2,8 millionar.

I 2019 hadde Vossabadet 95.869 besøk. I tillegg har drifta av utebassenget bidrege positivt. Samla var det over 100.000 badegjester i 2019.

Bokførte verdier i Voss herad per 01.01.2020

Bokførte verdier i Voss herad per 1. januar 2020 utgjør i overkant av 180 millioner kroner.

Verdiene er fordelt slik:

Namn	Aksjar og andelar pr. 01.01.2020
<i>Aksjar Voss energi a/s</i>	59 000 000
<i>Aksjar Voss parkering a/s</i>	14 980 708
<i>Aksjar i Voss Eigedom a/s</i>	20 050 000
<i>Aksjar Hagahaugen a/s</i>	10 551 000
<i>Aksjar Kveik as</i>	1 427 060
<i>Andel Indre Hordaland miljøverk</i>	66 600
<i>Andel tilfluktsrom Voss st.</i>	140 000
<i>Aksjar Kinoalliansen AS</i>	5 000
<i>Aksjar Biblioteksentralen</i>	900
<i>Andel i BKK</i>	37 672 369
<i>Aksjar Vann Vest AS</i>	5 000
<i>Boktrykk/Norsk sjemaførlag</i>	700
<i>Aksjar i Husfliden</i>	2 500
<i>Andel Rogne burettslag</i>	86 800
<i>Andel Finne burettslag</i>	32 900
<i>Andel Fredheim burettslag</i>	1 102 500
<i>Andel Myrkdalen vassverk</i>	68 000
<i>Andel tilf.pl. Eide bygg</i>	215 713
<i>Aksjer i Storebrand</i>	807 540
<i>Aksje i kommunekraft</i>	1 000
<i>Business Region Bergen</i>	36 000
<i>Aksjar interk.arkiv</i>	105 000
<i>Andel Bolstadelva</i>	699
<i>Næringshagen i Hardanger</i>	10 000
<i>Dag og tid</i>	250
<i>Reisemål Hardanger a/s</i>	30 000
<i>Klp egenkapitalinnskott</i>	37 911 383
Sum aksjar og andelar	184 309 622

I tillegg har Voss herad to kommunale føretak, Voss idrettshall og Vossabadet.

